



*Himalaya Mine inngangen er rett bak lastebilen. Transporten måtte foregå med firehjulstrekk siste stykket.*

# Tourmalingruven

*Av Torgeir T. Garmo*

*That's a wrapper!*

*Bill Larson set varleg saman dei to bitane til ein kirsbærraud turmalin med ein prestekrage av kvit albitt rundt og strekkjer dei bort til John som alt har ein halvfull kartong framfor seg. 14 par augo kan skimtast i lykteskinnet. – En ny tusendollar – mumlar Peter lågt på svensk idet han fylgjer det heile med videokamera.*


I 12 år har Bill drivi Himalaya Mine nå. 4 meksikanarar med John som formann, med norsk bestefar, har fylgd den metertjukke pegmatittgangen på skrå inn i berget med ortar og synkar. Stundom har gangen snevrast ihop til ein tynn desimeter, andre gongar vidar han seg ut att og blir metertjukk og full av herlege drusar med kvarts, feltspat og lepidolitt. Og, ikkje så sjeldan, klare raude og grønne turmalinkrystallar som kan bli opptil 15 cm lange og tjukke som ein velvaksen tommeltott. Dei beste er facettklare og kan seljast for \$ 100 for grammet, men Bill vil helst at samlarar skal ha dei: det er synd å saga sund skaparverket! Stundom finst også mindre

mengder rosa beryl, små hambergittkrystallar eller den etterspurte stibiotantalitten i brune, skiveforma krystallar.

This is never going out of San Diego County – jublar Bill, som dreg fram ein diger kvartskrystall med ein dobbelterminert turmalin og ein perfekt stibiotantalitt på tvert. – Probably the best piece ever found – svarar veteranen Cal som har fylgd eventyret oppi her sia Bill var berre gutungen.

– That's what I told you, – Bill snur seg mot Fred Steinar, – we sure would have something special when the curator from the Norwegian Mining museum would come to watch us!

Arbeidarane hadde alt førre veka sendt



*Bill Larson har nettopp fått ut ein stor klump med cleavelandittkrystaller frå drusa.*

# HIMALAYA MINE

melding ned om at dei stod på ei større druse og hadde i mellomtida sprengt vekk alt gråfjellet rundt til vi kom. Det var berre å fjerne nokre få blokker med skrujern, så opna fjellet seg. Eg tøyer meg fram og glyttar varleg inn i det 60 cm vide holet som nå er ein halvmeter djupt og skimtar opningar vidare mot nye druser. Frå ballar av lepidolitt og drivkvit cleavelanditt lyser klare turmalinar mot meg. Hay – avbryt Bill, dig your own, og rekkjer meg skrujernet. – Dette blir nok dyrare enn ein stakkars steinhandlar frå Lom har råd til, tenkjer eg for meg sjølve idet eg dreg ut to samanvaksne krystallar på godt over 10 cm. Håppas du er klar över at bordet fångar, kvittrar den alltid tilstedeverande svensken med videokameraet i bakgrunnen. Bøtta eg held under drusa blir tyngre medan Bill sopar ut dei siste turmalinane med handbaken. 40 stk. á \$ 1000,- reknar eg, pluss alt som er i kartongen alt. Men Peter er ingeniør og er alt ferdig: Vi har passerat \$ 100.000,- slår han fast.

Men det är mycket å ta igjen. Året förut drev han 13 månader uten å hitta en enda krystall. Det är mindre enn en månad sedan han hittat det här partiet, och ingen vet hur länge det varar.

– Peter, you are lying, avbryter Bill, han er av svensk ætt og vil gjerne forstå litt svensk. Og den fagre kjerringa hans har bestemor frå Tromsø og midnattsolblondt hår, men ho er nede i fallbrook og passar sjappa. Saman driv dei den nest største steinforretningena i USA, men det er salget av facetterte steinar som held liv i dei.

Omkring 1890 brukte indianarane i området farga tumalinar (elbaitt) til å betale drops med i ei foretning ned i dalen. Tusenvis av krystallar låg oppe på bakken – fortalde ein kvit prospektor som tok til å sprengja litt i pegmatittgangen som stakk fram eit par stader, men det var lite interesse for denne steinen heilt til Tiffany langt borte i New York tok til å slipe elbaittar til smykkebruk. Og omtrent samtidig, rett før

hundreårsskiftet, fekk Keisarinna av kina tilfeldigvis sjå ein slik raud og grønfarga krystall som ho kjøpte og fekk slipt til ein figur heime i Kina. Dermed tok kineserane til å kjøpe opp materialet, og fleire tonn med turmalinkrystallar vart dei neste åra sende over Stillehavet. Med keisardømetts fall klappa denne marknaden samman, og fyrst på 60-tallet vart det ny drift i gruva – fylgd av krangel og uvenskap. Bill Larson tok til å kjøpe aksjar og tok over som eineiegar for 13 år sia, for ein blodpris. Fleire gonger har han vore på konkursens rand og måtta selja unna frå mineralsamlinga si, nå har det gått såpass bra ei stund at han har ei av dei beste i USA!

Opp til gruva går vegen over eit indianar-reservat, og ikkje langt unna går grensa til statsparken. Sjølve gruva er knapt synleg i den tette krattskogen, og fleire litiumførande pegmatittar ligg spreidde utover i Pala Mountains. Kunzitt finst i nokre, elbaitt eller rosa beryllar i andre. Alt i alt er dette eitt av dei viktigaste smykkesteinsproduserande område i verda. Kor mange gangar som ikkje er oppdaga i den tette, ofte tornete vegetasjonen veit ingen.

Morbergarten i området er ein noritt som skal vera 104 mill. år gamal, altså betydeleg yngre enn dei bergartar vi finn i vårt land. Denne eine pegmatitten er nå strossa ut i totalt 7,5 km, nå driv dei attende opp mot dagen og er omlag 2,5 km inne. Kor mykje pegmatitt det er i alt er ukjent, oppboring har inga interesse, forklarte John, fordi pegmatitten har så ujamn Li-føring.

– No trespassing! Ingen adgang! Stod det 4 stadar på den skranglete grusvegen opp. 2 hundar rusla rundt på tippa når meksikanarane dreiv inne i gruva.

I dag er Bill i kjempehumør. The best day I ever had in the mine! jublar han. Fri plukking i 15 minuttar på tippa!


Eg kastar meg rundt og fingrev i lasset ein arbeiddar nettopp har tippa utfor. Men meksikanarane ser altfor godt i myrkret: Berre nokre fliserav rosa cabo-

sjonmateriale. Men så der: Der regnet i natt har vaska gårdsdagens tipp: Ei lang rosa fyrstikk med topp i båe endar og prestekrage av cleavelanditt! Og like ved ein perfekt grønt topp med facettkvalitet! Aldri har 15 minutt gått fortare.

Berre den alltid nærverande svensken har funnet betre: Ein 8 cm lang fingertjukk og klar krystall, verd minst \$ 200,-.

– Bill sa jag kunne beholda den!

*Torgeir T. Garmo*



*Bill Larson forklarar mineraliseringa i den vel metertykke pegmatittgangen.*